

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

Sak 40/20.

Fjellstrebudsjettet for 2021

Budsjettfralegg er utarbeidd. Som samanlikningsgrunnlag er medteke rekneskapstala for 2019, budsjett og prognose for 2020. I prognosene for 2020 er det m.a. teke utgangspunkt i rekneskapstala per 31.8.20.

Budsjettforslaget for 2021 legg opp til eit overskot på 40 000 kroner.

Kommentarar til postane i budsjettet:

INNTEKTSSIDA:

3011 Utleige arbeidskraft

Gjeld avtalen om utleige av $\frac{1}{2}$ årsverk til Aurland Setjefisk BA, $\frac{1}{2}$ årsverk til kommunen (viltforvalting, felles landbrukskontor ÅLA), tenestesal til SNO og NINA, i tillegg til anna tenestesal. NINA har signalisert noko nedtrapping av tenestekjøpet. På den andre sida ligg det an til auka tenestesal til Lærdal kommune i samband med sentralt CWD-arbeid og viltforvalting betalt av Miljødirektoratet, ein auke på kanskje kring 400 timer.

3012 Villreinutvalet - refusjon oppsyn/sekretær

Reknar med omlag tilsvarende arbeidsmengd som i 2019 og -20. Sjølv om det no er att rein å forvalta berre i sone 2, skal jobben gjerast med sekretær- og kasserararbeid for utvalet, oppsynsleiar og oppsyn under jakt. Fjelloppsynet framleis vil vera sentrale i gjennomføringa av teljingar i villreinområdet.

3300 Statskog – tilskot oppsyn

Etter fjellova skal 50 % refunderast, men statsbudsjettet avgjer reell refusjon (ein liten nedgang i samla refusjonspott til fjellstyrta i forslaget til statsbudsjett for 2021). Eige budsjett for oppsynet i Aurland er sendt til Statskog SF. Eg går i budsjettframlegget ut frå at tildelt sum vert noko avkorta i høve til omsøkt tilskot, ut frå kva som har vore normalen dei siste åra. Fjellstresambandet har signalisert at dei vil oppmoda Statskog SF om å tilgodesjå fjellstyrta i «CWD-råka» område når budsjettmidlane skal fordelast.

3302 Erstatningar Eco Energi

Desse vert indeksregulerte med visse mellomrom (kvart 4. år) Regulering skjedde sist ved utbetalinga i 2019.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

Sak 40/20, side 2.

INNTEKTER, FRAMHALD:

3303 Tilskot grunneigarfondet/ Statskog

Tilskot til friluftstiltak for born og unge – skulefiskedagane - er teke med her. Det er transporten av skuleborn til fiskedagar i fjellet fjellstyret har avtalt med skulane å dekka. Det ekstra tilskotet som Statskog vedtok å løyva dei cwd-råka fjellstyra i 2018-2020 for å kompensera litt for tapte inntekter av reinsjakta er ikkje vidareført neste år.

3304 Oppsynstilskot grunneigarar

For oppsyn på privat grunn gjennom året, 1 øre pr. daa, i følgje avtale med grunneigarlaget.

3306 Fiske

Viss ein ser vekk frå somrar der isen ligg lenge på fjellvatna (som i år), er interessa for sportsfiske i fjellvatna stor. Eg reknar med at fiskekortinntektene (fjellstyret sin del av Aurlandskortsaled + sal av garnkort) held seg på det nivået dei har lege på dei siste par åra. Fjellstyret har gjort nokre grep som bør kunna gje auka kortsal; revidert fiskereglane for statsallmenningen, letta tilgangen for båtutsetjing på Vestredalsvatnet, meir fokusering på fiske på heimesida m.m. Kortprisane er samordna med kortprisane på dei private sonene i fiskekortordninga.

3307 Sal av fellingsløyve rein

Arealet av statsallmenningen i Vestfjelli, som framleis har reinsjakt, utgjer 39 % av heile allmenningen (rekna i teljande areal for villrein). Fjellstyret auka kortprisane noko i 2019. Det ligg truleg an til ein fellingskvote i 2021 på nivå med 2020-kvoten.

3308 Sal av fellingsløyve hjort/elg

Inntekta her avheng litt av om elgen vert skoten eller ikkje. Avtale om hjort- og elgjakt i Nordheimsdalen vart forhandla på nytt i år, med ei mindre prisjustering. Ordninga med sal av dagskort for hjortejakt har gjeve noko auke i inntekta. Den store auken i fellingskvote som valdet har fått dei siste åra gjer lite utslag for inntekta til fjellstyret, då det i stor grad er talet på felte dyr og kjøtverdien av desse som tel, ikkje tildelt kvote. Slik det ser ut i år, vert det ei därleg felling i høve til tidlegare år.

3309 Småviltjakt

Fjellstyret la i år, som dei føregåande åra, ut eit bestemt tal jaktkort til utanbygds jegerar på nettstaden Inatur, noko som fungerte godt. Alle kort var selde etter kort tid. Med dette opplegget kan ein lett regulera både talet på jegerar og kva inntekt ein ynskjer av kortsaled. Nokre jaktkort vart lagde ut for sal på turisthytta i Stemmerdalen, etter avtale med innehavaren. Kortprisane vart sist auka i 2018. Jaktstart vart sett til 25. september. Eg legg til grunn omlag uendra kortsal og prisar i 2021.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

(Sak 40/19, side 3)

3310 Festeavgifter

Fjellstyret har krav på 50 % av dei festeavgiftene som vert innbetalte til Statskog SF for hytter og overnatningsverksemder.

3311 Overnatting fjellstyrehytter

Det var nedgang i tal overnattingar på hyttene til fjellstyret i år. Snø og is på fiskevatna langt utover sommaren, saman med koronaen, er nok årsaka til dette. Reknar med at desse inntektene vil koma opp att på normalt nivå framover. Fjellstyret bør vurdera å justera prisane på utleige av hytta i Håbergsholene før ny sesong. Det er gjort ein del oppgraderingar av hytta i Brubotn, med tanke på å leiga ut denne i ledige periodar.

3312 Sal av trykksaker fjellstyrekontoret

Salet av bladet "Villreinen." Valdkartet for Nordfjella, som tidlegare har vorte selt gjennom fjellstyrekontoret, er det ikkje fleire att av.

8070 Renteinntekter

Renter av bankinnskot. Rentenivået på innskot har vore lågt dei siste åra.

UTGIFTSSIDA:

5001 Løner oppsyn

Det er teke utgangspunkt i tala i oppsynsbudsjettet for 2021 som er vedteke av fjellstyret og sendt Statskog SF til godkjenning. I tillegg til 3,5 årsverk tilsette i fjelloppsynet, er det i framlegget rekna med ekstra sesonghjelp (gjetar).

5401 Arbeidsgjevaravgift

10,6 % av lønsutgiftene.

5451 Pensjons- og yrkesskadeforsikring

I samsvar med inngåtte avtalar med dei tilsette.

7101 Bilgodtgjersle

Oppdrag frå andre instansar (som t.d. SNO, NINA og Aurland Setjefisk) fører til mykje køyring. Ein del av dette kjem att på inntektsida, ved at køyringa vert fakturert tenestekjøparane. Med to bilar i fjellstyret si eige vert utbetalinga av bilgodtgjersle til dei tilsette for bruk av eigen bil ikkje så stor, men noko køyring av privatbil vert det.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

(sak 40/20, side 4)

7151 Diettgodtgjersle

Nivået på denne har vore nokså stabil, men hadde ein kraftig auke i 2019, grunna mykje feltarbeid i samband med tenestesal (NINA). Dette er litt mindre i år, og endå meir redusert i 2021, ut frå inngådde avtalar.

5331 Møtegodtgjersle

Kommunen sitt regulativ for møtegodtgjersler til medlemar i politiske utval vert lagt til grunn.

6471 Driftsutgifter materiell

Drifts- og vedlikehaldsutgifter av snøscooter, tilhengrarar, båtar m.v. Det er særleg vedlikehald av snøskuter som stundom kan dra opp denne kostnaden. No er begge skuterane til fjellstyret relativt nye, slik at det stort sett er snakk om rein service på desse.

6472 Firmabil

Månadleg leasingavgift, drivstoff, årsavgift, forsikring, verkstad og andre utgifter til hald av bilar. Den eine Caddyen kjøpte fjellstyret ut i fjar, etter at leigeperioden gjekk ut

6475 Andre utgifter oppsynsordninga

I tillegg til arbeidsklede, skal summen dekka pålagt sikringsutstyr og godtgjersle for bruk av eige utstyr i samsvar med tariffavtale, og supplering og fornying av dette. Avgifter for sikringsradio, Garmin Inreach og abonnement og bruk av mobiltelefon kjem og på denne budsjettposten.

6700 Rekneskap/revisjon

Må rekna med ein viss auke i kostnadsnivået. Revisjonskostnaden gjekk ned litt etter revisorskiftet for eit par år sidan.

6710 Kontorutgifter

Leige av eit ekstra kontor på Fjordsenteret gjer at kontorkostnaden har auka litt.

7000 Rein og hjort (fellingsavg. m.m.)

Fellingsavgifta for hjort og elg ligg og inne i denne posten.

7001 Fiske

Hovuddelen av summen gjeld betaling av setjefisk kjøpt frå Aurland Setjefisk SA. Kan og vera kjøp av garn til prøvefiskeseriar o.l.

7002 Hytter, drift

Den oppsette summen skal dekka kostnadene med drift og rutinemessig vedlikehald av fjellstyrehyttene.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

(sak 40/20, side 5)

7005 Trykkeutgifter og informasjonstiltak

Kostnaden med å leggja ut informasjon om tilboda i Aurland på Inatur sine sider og på fjellstyret si eiga nettside. Utgifter til trykking av jakt- og fiskekart og anna infomateriell kjem og på denne posten, sameleis annonsering av fjellstyremøta. Ei halv side med fjellstyreinfo i kvart nummer av «Aurlendingen» utgjer om lag halvdelen av budsjettposten. Kjøp av bladet «Villreinen» til alle som tek ut jaktkort for villrein utgjer ein vesentleg kostnad.

7006 Mobiltelefon/sikringsradio

Ingen planlagde kjøp dette året.

7007 Båt/naust/motor

Ingen planlagde kjøp i 2021. Ein brukte 25 hk påhengsmotor vart kjøpt i år, med tanke på lengre turar på fjorden.

7008 Kontorutstyr

Ein pc er utskift i år, endå ein er planlagt kjøpt i 2021. Noko konsulenthjelp i samband med installasjon, nettverk o.a. er medrekna.

7009 Byte av snøskuter/kjelke/tilhengar

Ingen planlagde kjøp i 2021 (ein Yamaha VK540III 2017-mod vart kjøpt sist vinter).

7020 Hytter, bygningstiltak

Gjetarhytte Brubotn:

No i haust vart det oppdaga ein lekkasje i taket på hytta. Det er mogleg å berre leggja ny takpapp på den sida lekkasjen er, men me vil heller tilrå at det vert lagt nytt stålplatetak på heile hytta. Dette vert dyrare, men meir haldbart. Materialkostnad: 50.000.

Nordheimsdalen:

- Nytt golv på utedo i Brendeli og i «kammerset» attmed gangen. Materialkostnad 5000.

7760 Tiltak i allmenningen

Kostnaden med gjennomføring av fiskedagar for skuleklassar vert ført her.

7790 Tilskot til allmennytige føremål

Kan løvvast av overskotet i fjellkassa, jfr. § 11 i Fjellova.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

(sak 40/20 side 6)

7141 Møte/kurs/reiser

Skal m.a. dekka kurs- og møteutgifter både for fjellstyremedlemmar og tilsette. I 2020 var det budsjettet for deltaking i landsmøte i fjellstyresambandet og kurs for nye fjellstyre. Desse møta kjem difor ikkje i 2021, noko som tilseier noko lågare utgifter på denne posten.

7420 Kontingent Norges fjellstyresamband

4 % av omsetnaden til fjellstyret i 2020, ut frå vedtak på NFS sitt landsmøte.

7425 Kontingent og tilskot villreinutvalet

Fjellstyret betalar fast kontingent, 2 øre/daa i år. I tillegg vert det betalt eit oppsynstilskot for å dekka noko av villreinutvalet sitt jaktoppsyn. For fjellstyrta er dette på 3 øre pr. daa.

7426 Kontingent Samarbeidsorganet for fjellstyrta på Hardangervidda

Dette er ein "informasjonskontingent" som fjellstyret betalar for å få all informasjon som vert utsend. Fjellstyret har møterett i dette organet.

7510 Forsikring hytter og materiell

Går ut frå same nivå på forsikringspremien som det siste året. Fjellstyresambandet har jobba med å innhenta tilbod på forsikring felles for mange fjellstyre. Dette vil kunna redusera kostnaden noko, dersom det vert realisert.

7021 Garasje

Årleg leige for garasje og lagerplass til Aurland Setjefisk SA.

6010 Avskrivningar

Første gong nytta i 2019-rekneskapen, etter krav frå revisor. Skuterkjøpet i år vil gje auka avskrivninga i 2021.

8169 Finansutgifter

Gebyr og rentekostnader.

Fjellstyrekontoret, den 24.11.20

Harald Skjerdal